

## GRENDACUP 2012

Snart er jula her og dermed også den tradisjonsrike Grendacupen. Det er 17. gongen arrangementet går av stabelen og det har verkeleg blitt ein sosial møteplass i romjula, der ein kan velje å vere aktiv sjølv, treffe venner og kjente, eller begge deler.

Tilbodet om å få klatre, skyte og hoppe trampoline går dessverre ut. Skytekonkurransen og volleyballturneringa er heller ikkje med i programmet. Ein tek heller sikte på å gjennomføre ei flott og prestisjetung fotballturnering.

Arrangementet er lagt til 2. juledag. Fotballturneringa for 5. til og med 8. klasse startar klokka 10:30. Den tradisjonelle turneringa startar klokka 12:30.

Vi oppfordrar kvar enkelt grend til å samle saman eit lag, bestående av både jenter og gutar, menn og kvinner. Krava er som åra før, laget skal ha ei jente/kvinne på bana heile tida.

Vel møtt.

Arrangør: Stordal IL, Fotballgruppa